



LINDÅS KOMMUNE
TEKNISK ETAT

Per Gunnar Litleskare

5914 ISDALSTØ

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	02/01387-10	Knut Bjørnevoll	56 35 66 16	137/168	20.09.02

**NOTAT FRÅ MØTE/SYNFARING 13.09.02 OM UTBYGGING AV TOMTA
PER GUNNAR LITLESKARE - GNR.137 BNR.168 - ALVER**

Til stades: Per Gunnar Litleskare, tiltakshavar
Knut Bjørnevoll, sakshandsamar byggjesaksavdelinga
John Bauge, avdelingsleiar VAR- avdelinga

Tiltakshavar ønskjer først å gjera ferdig terrengbearbeiding på heile eigedommen, fordi det vil vera vanskeleg å komma til med maskiner etter at bygningane har komme opp. Det er meininga å byggja hus på nedre del av tomta i første omgang, men det er viktig å få fastlagt plassering, høgde og storleik også på bustadhus på øvre del av tomta, sjølv om det er usikkert kva tid det vert bygt her.

I førebels svar på søknaden har kommunen etterlyst meir konkrete planar, for å kunna gje rammeløyve. Fleire av naboane har også bede om meir opplysningar. Kommunen held fast på kravet i førebels svar, om betre søknadsmateriell, før vi kan handsama søknaden:

- Det er ikkje heilt samsvar mellom oppgjevne mål og det som kan målast på dei innsende skissene. Det skal utarbeidast terrengprofil og perspektivteikning/fotomontasje.
- Situasjonsplanen skal visa konkret plassering av bygningane, ikkje berre arealet som bygg kan plasserast på. Kotehøgder og stigning på tilkomstveggar og planerte flater skal også visast på planen.
- Skisser/teikningar av bustader, naust og garasjar med påført mål b x l x h
- Kotehøgder på golv/grunnmur og topp møne

Betre teikningsmaterieill, skal sendast til kommunen, med kopi til dei naboane som har komme med merknader og ein ny 14 dagars-frist for uttale.

(forts.)

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	7413 05 01005 Organisasjonsnr. 935 084 733

Vatn og avløp:

Det ligg ein godkjent felles avløpsleidning på kvar side av denne tomta, med innbyrdes avstand under 150 m. Kommunen er ikkje innstilt på å godkjenna endå eitt anlegg mellom desse. Det ligg godt til rettes for tilkopling til anlegget på austsida, men det er spørsmål om kapasiteten på slamavskiljaren.

Litleskare tek kontakt med eigarane av felles avløpsanlegg og ber om å få kopla til anlegget. Eigarane må søkja kommunen om å få auka kapasiteten på slamavskiljaren ved å gå over til årleg tømning.

Litleskare går også vidare med arbeidet for å få lagt ny vassleidning i området.

For bygningssjefen



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:

Nordhordland Transportkontor A/L
John Bauge

Kvassnesvegen 33,5914 ISDALSTØ
V A R -avdelinga